

7 / 2023

RAPPORT

2023

Evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), delrapport 5

Kandidatens kjennskap til og nytte av NKR



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit fagleg uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUTs overordna mandat, myndigheit og faglege sjølvstende er spesifisert i universitets- og høgskolelova. I tillegg til fagleg uavhengige oppgåver skildra i lover og forskrifter har NOKUT ordinære forvaltningsoppgåver delegert frå departementet.



NOKUTs føremål er å sikre og fremje kvalitet i utdanning ved

- å føre tilsyn med, informere om og bidra til å utvikle kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning
- å godkjenne og informere om utanlandsk utdanning og informere om utsiktene for godkjenning av utanlandsk utdanning og kompetanse i Noreg



Arbeidet NOKUT gjer, skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten på norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning og godkjend utanlandsk utdanning..



NOKUT brukar sakkunnige i akkrediteringar, tilsyn, evalueringar, godkjenning av utanlandsk utdanning og prosjekt.

Du kan lese meir om arbeidet vårt på nokut.no.



NOKUT er sertifisert som miljøfyrtårn

Tittel	Evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), delrapport 5
Forfatter(e)	Bjørn Ragnar Stensby, Jon Furholt og Gerhard Y. Amundsen
Dato	24.05.2023
Rapportnummer	7-2023
ISSN-nr	1892-1604

Forord

Denne delrapporten inngår i ei evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring som NOKUT gjer på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Den presenterer datamaterialet frå ei spørjeundersøking som har gått ut til norske kandidatar, altså personar som nyleg har fullført utdanninga si. Dette materialet inngår i det empirisk grunnlaget for å vurdere i kva grad norske kandidatar kjenner til og har nytte av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Tala i denne undersøkinga er samla inn gjennom ei tilleggsundersøking til Studiebarometeret og inkluderer personar som har sagt seg villige til å få ytterlegare undersøkingar.

Denne rapporten er den femte, deskriptive rapporten i evalueringa. Den fyrste deskriptive rapporten presenterer perspektivet til utdanningsinstitusjonar og fagmiljø på NKR, og den andre presenterer studentanes forhold til NKR og læringsutbyteskildringar. Den tredje delrapporten presenterer kjennskap, bruk og nytte blant norske arbeidsgjevarar. Den fjerde kartlegg kjennskap og nytte for norske arbeidstakarar. For øvrig viser vi til evalueringas hovudrapport som blir ferdigstilt i 2023.

NOKUT vil takke alle respondentane for deltaking i undersøkinga.

Innhold

1 Om kandidatundersøkinga	5
1.1 Føremål og utval	5
1.2 Spørsmåla i undersøkinga	6
1.3 Presentasjon av resultatata.....	7
2 Resultat	8
2.1 Kjennskapen kandidatane har til læringsutbyteskildringar	8
2.2 Spegjar læringsutbyteskildringane sluttkompetansen?.....	9
2.3 Spegjar læringsutbyteskildringane den kompetansen arbeidslivet etterspør?.....	10
2.4 Blir læringsutbyteskildringane brukt i jobbsøking?.....	11
2.5 Opplever studentane at arbeidslivet veit kva læringsutbyteskildringar er? .	11
3 Oppsummering.....	12
4 Vedlegg	13
4.1 Utfyllande tabellar	13
4.2 Kjelder	13

1 Om kandidatundersøkinga


1.1 Føremål og utval

I undersøkinga har vi forsøkt å kaste lys over kva kjennskap, nytte og bruk nyutdanna (kandidatar) frå høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning har hatt av læringsutbyteskildringar.

I spørsmålssstillinga har vi lagt til grunn at kandidatane i liten grad har hatt kontakt med NKR eller EQF som sådan, men at dei primært er eksponerte for, og bruker, læringsutbyteskildringane for utdanningane sine, og som er ein konsekvens av NKR. Studentar og kandidatar er heller ikkje venta å bruke NKR på eit overordna nivå. Vi har derfor ikkje stilt spørsmål om NKR direkte, men om læringsutbyteskildringane for utdanningane dei har gjennomført.¹

1.1.1 Utvalet

Respondentane i denne spørjeundersøkinga er tidlegare mastergrads- og fagskulestudentar (gruppe A og C i figur 1), som svarte på høvesvis Studiebarometeret for høgare utdanning 2020 (SB20, mastergradsnivå) og Studiebarometeret for fagskulestudentar 2021 (SBF21), som hadde sagt seg villige til å svare på oppfølgingsundersøkingar, og som hadde avslutta utdanninga då dei svarte på Studiebarometeret. Figur 1 illustrerer utvelgelsen.



Figur 1. Inngangsspørsmål og avskalling, «frivillige»

Fa: «Har du fullført utdanningen du gikk på da du svarte på Fagskuleundersøkelsen 2021?»

UH: «Har du fullført utdanningen du gikk på da du svarte på Studiebarometeret 2020?»

Utvalet i undersøkinga hadde alle:

- svart på Studiebarometeret
- sagt seg villige til å delta på ytterlegare undersøkingar
- oppgitt kjennskap til læringsutbyteskildringane for eiga avslutta utdanning

¹ Sjå NOKUT 1/2023, punkt 1.2.

Filtreringsmekanismene gjer at utvalet er lite (584 mastergradskandidatar (A) og 313 fagskulekandidatar (C), noko som medfører uvisse når ein skal tolke resultatata.

Gruppe D i figur 1 fekk same spørsmål som fagskulestudentane fekk i Studiebarometeret for fagskulestudentar 2022². Det var ikkje vesentlege avvik mellom korleis studentane i gruppe D skåra og korleis fagskulestudentane skåra i fullskalaundersøkinga. Gruppe D fungerer på den måten som ei kontrollgruppe, og styrkjer funna vi presenterer her, sidan gruppe D har same utgangspunkt som gruppe A og C, og har vore igjennom same silingsmekanismer. Det gjer at vi kan ha noko meir tillit til fordelingane i kandidatundersøkinga.

1.2 Spørsmåla i undersøkinga

Undersøkinga var todelt.

- I del 1 var det seks inngangsspørsmål (se tabell 1.1).
- I del 2 var det fire spesifikke spørsmål knytt til læringsutbyteskildringar, som fordra kjennskap til desse. Dei spørsmåla som var spesifikke for læringsutbyteskildringar var formulerte som påstandar, men blir omtalte som spørsmål (se tabell 1.2).

Kandidatane som ikkje hadde kjennskap til eigne læringsutbyteskildringar, fekk ikkje dei fire læringsutbyteskildring-spesifikke spørsmåla.

1.2.1 Inngangsspørsmål

Respondentane fekk seks inngangsspørsmål om utdanning, jobbforhold og kjennskap til læringsutbyteskildringar, sjå tabell 1.1. Respondentar som svarte «nei» på inngangsspørsmål 6), om kjennskap til eigne læringsutbyteskildringar, blei losa ut av undersøkinga³.

Tabell 1.1 Inngangsspørsmål til kandidatundersøkinga

Inngangsspørsmål
Kryss av på påstanden som passar best:
1) Tar du ei anna utdanning no?
2) Er du i jobb?
3) Var du allereie i noverande jobb medan du studerte?
4) Er du aktiv jobbsøklar?
5) Har du vore på studentutveksling i utlandet?
6) Kjenner du til læringsutbyteskildringane for utdanninga du har fullført?

1.2.2 Spørsmål om læringsutbyteskildringar

Spørsmål om læringsutbyteskildringar blei stilt i form av påstandar, der svaralternativa følgde ein Likert-skala frå 1 til 5 der «1» tydde «Heilt ueinig» og «5» tydde «Heilt einig». Respondentane kunne også svare «Veit ikkje / ikkje relevant».

² NOKUT 1/2023, punkt 1.3.

³ Respondentar frå fagskulesektoren som ikkje var ferdigutdanna, fekk same spørsmål som fagskulestudentane i Studiebarometeret, jf. punkt 1.1.1.

Andelen ueinige og einlge

I presentasjonen har vi valt å gje andelar som er enige/ueinige, kor skår 4 og 5 er rekna som «einige» og skår 1 og 2 som «ueinige». Dette gjev eit betre bilete av bruken av læringsutbyteskildringar, enn gjennomsnitt, sjå tabell 1.2.

Tabell 1.2 Spørsmål om læringsutbyteskildringar

Spørsmål om læringsutbyteskildringar

Kor einig er du i dei følgjande påstandane om læringsutbyteskildringar?

Svaralternativ: Heilt ueinig (1) til Heilt einig (5), og dessutan «Veit ikkje / ikkje relevant» (Inndeling i tabellar nedanfor: Einig/ueinig)

- | |
|--|
| 1) Læringsutbyteskildringane for utdanninga mi speglar den sluttkompetansen eg sit igjen med |
| 2) Læringsutbyteskildringane for utdanninga mi speglar den kompetansen arbeidslivet etterspør |
| 3) Eg bruker læringsutbyteskildringar frå utdanninga mi når eg leitar etter, eller søker jobb* |
| 4) Eg opplever at arbeidsgjevarar veit kva læringsutbyteskildringar er |

* Spørsmål 3) gjekk berre til dei respondentane som hadde svart at dei var jobbsøkjende, jf. inngangsspørsmål 4).

Spørsmålas karakter

Det som blir målt i dei ulike spørsmålene om læringsutbyteskildringar har ulik karakter.

I spørsmål 1, «Læringsutbyteskildringane for utdanninga mi speglar den sluttkompetansen eg sit igjen med», blir oppfatninga på kandidatane av kvaliteten på læringsutbyteskildringane, målt opp mot den faktiske sluttkompetansen.

I spørsmål 2, «Læringsutbyteskildringane for utdanninga mi speglar den kompetansen arbeidslivet etterspør», blir vurderinga frå kandidatane målt opp mot kva ein annan part (arbeidslivet) etterspør. Det er eit meir indirekte mål enn spørsmål 1.

I spørsmål 3, «Eg bruker læringsutbyteskildringar frå utdanninga mi når eg leitar etter, eller søker jobb», blir om kandidaten bruker eller ikkje bruker læringsutbyteskildringane i samband med jobbsøking målt. Spørsmålet går direkte på kandidatanes eigen bruk av læringsutbyteskildringar.

I spørsmål 4, «Eg opplever at arbeidsgivarar veit kva læringsutbyteskildringar er», blir oppfatninga frå kandidatane av kva arbeidsgivarar måtte tenkje målt, noko kandidatane vanskeleg kan ha inngåande kjennskap om. Svara må sjåast i lyset av denne metodiske innvendinga.

1.3 Presentasjon av resultatata

Inndeling

I denne rapporten ser vi på skilnader og likskapar mellom kandidatar som nyleg har avslutta høgare yrkesfagleg utdanning og mastergradsutdanning. Vi går også enkelte stadar inn på ei underinndeling av dei to nivåa. Som fellesnemning for dei to inndelingane bruker vi omgrepet utdanningskategoriar.

To kodeverk ligg til grunn for inndelingane:

- Høgare yrkesfagleg utdanning, [Felles klassifiseringssystem for fagskoleutdanninger \(FKF\)](#)
 - FKF 1 Kreativ

- FKF 2 ØkAdm
- FKF 3 Teknisk
- FKF 4 Helse og velferd
- FKF 5 Samferdsel
- FKF 9 Annet
- Høgare utdanning, [Norsk standard for utdanningsgruppering \(NUS2000\)](#)
 - 71 - Humanistiske og estetiske fag
 - 72 - Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk
 - 73 - Samfunnsfag og juridiske fag
 - 74 - Økonomiske og administrative fag
 - 75 - Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag
 - 76 - Helse-, sosial- og idrettsfag
 - 79 - Anna

Inndeling i kategoriar er rudimentær, og det er til dels store faglege skilnader mellom ulike fag internt i same utdanningskategoriar. Inndelingane kan berre vise overordna tendensar.

Visning

Vi viser ikkje tal frå utdanningskategoriar der det er færre enn 50 respondentar. For høgare yrkesfagleg utdanning gjeld det «FKF 1 Kreativ», «FKF 5 Samferdsel» og «FKF 9 Annet». For høgare utdanning gjeld det «79 – Annet». Desse respondentane figurerer likevel i totaltala. Det er derfor eit lite misforhold i tabellane nedanfor, mellom talet på kategoriar og totaltala.

2 Resultat

2.1 Kjennskapen kandidatane har til læringsutbyteskildringar

I overkant av 2/3 av kandidatane som svarte på undersøkinga kjende eigne læringsutbyteskildringar frå før. Her er det noko variasjon mellom sektorane. 77 % av fagskulekandidatane kjende eigne læringsutbyteskildringar; tilsvarende andel for mastergradskandidatane var 67 %.

Blant fagskulekandidatane er det store variasjonar avhengig av utdanningskategori. Over 90 % av respondentane frå «Helse og velferd» kjende eigne læringsutbyteskildringar frå før; medan andelen blant «Teknisk» og «ØkAdm» låg på rundt 70 %.

Det er også variasjonar mellom ulike utdanningskategoriar på mastergradsnivå. Delen mastergradskandidatar som kjende eigne læringsutbyteskildringar låg mellom 60 % og 74 %, avhengig av utdanningskategori. Her skil også kategorien for dei tekniske utdanningane seg ut (75 - Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag) med ein låg andel respondentar som kjende eigne læringsutbyteskildringar. Andelen som kjende eigne læringsutbyteskildringar var 60 %. Sjå tabell 2.1.

Tabell 2.1 Respondentar og kjennskap til egne læringsutbyteskildringar, fordelt på nivå og utdanningskategori

	N	Kjente LUB*	
		Antall	Andel
Fagområde høgare yrkesfagleg utdanning			
FKF 2 ØkAdm	50	35	70 %
FKF 3 Teknisk	95	67	71 %
FKF 4 Helse og velferd	107	97	91 %
Totalt	307	236	77 %
Fagområde høgare utdanning			
71 - Humanistiske og estetiske fag	62	46	74 %
72 - Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk	77	56	73 %
73 - Samfunnsfag og juridiske fag	104	71	68 %
74 - Økonomiske og administrative fag	67	44	66 %
75 - Naturvitenskapelige fag, handverksfag og tekniske fag	188	112	60 %
76 - Helse-, sosial- og idrettsfag	61	44	72 %
Totalt	579	387	67 %

* Kjente LUB = Respondenten svarte «ja» på inngangsspørsmålet «Kjenner du til læringsutbyteskildringane for utdanninga du har fullført?»

2.2 Spegjar læringsutbyteskildringane sluttkompetansen?

Kandidatane fekk spørsmålet «Læringsutbyteskildringane for utdanninga mi speglar den sluttkompetansen eg sit igjen med».

Over fire av fem av kandidatane var einige i at læringsutbyteskildringane spegla kompetansen dei sat igjen med. Det er små skilnader mellom sektorane (84 % fagskulekandidatane og 80 % av studentane i høgare utdanning var enige).

6 % var ueinige i påstanden. Sjå tabell 2.2.

Tabell 2.2 Talet på respondentar, gjennomsnittsskår og andel ueinige og einige på spørsmålet om læringsutbyteskildringane speglar sluttkompetansen, fordelt på nivå

	N	Snitt	Ueinige	Einige
Fagskule	232	4,2	6 %	84 %
Mastergrad	377	4,0	6 %	80 %

Påstand: Læringsutbyteskildringane for utdanninga mi speglar den sluttkompetansen eg sit igjen med

I NOKUT-rapport 1/2023 *Evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), delrapport 2 – Opplever studentane læringsutbyteskildringar for utdanning utdanning* (studentrapporten), presenterer vi talet på studentar som er einige i at «Læringsutbyttebeskrivelsene samsvarer med det eg har lært i emna eg har avsluttet» (NOKUT 1/2023, punkt 2.4.2). Spørsmålet er ikkje identisk, sidan studentene vanskeleg kan ta stilling til om framtidig sluttkompetanse er speglar i læringsutbyteskildringane.

Læringsutbyteskildringane på emnenivå er meir detaljerte enn dei overordna læringsutbyteskildringane for sluttkompetanse. Spørsmåla frå dei to undersøkingane er likevel til ei viss grad samanliknbare. Dei måler begge om læringsutbyteskildringar faktisk skildrar det dei er meint å gjere, på deit nivået dei ulike respondentane har føresetnad til å svare på.

Blant studentane i høgare yrkesfagleg utdanning svarte 64 % at dei var samde i at læringsutbyteskildringane samsvarte med det dei hadde lært i emna dei hadde avslutta. Tilsvarande del for høgare utdanning var 61 %.

Det er altså ein vesentleg høgare andel blant kandidatane (over fire av fem) som meiner læringsutbyteskildringane faktisk speglar kompetansen enn andelen blant studentane (under to av tre).

2.3 Speglar læringsutbyteskildringane den kompetansen arbeidslivet etterspør?

Respondentane fekk spørsmålet «Læringsutbyteskildringane for utdanninga mi speglar den kompetansen arbeidslivet etterspør». Resultata er kompliserte å tolke. Det som blir spurt etter er oppfatninga kandidatane har av kva andre (arbeidslivet) måtte ha behov for.

590 av respondentane gav skår på spørsmålet; 24 respondentar (4 %) kryssa av på «Vet ikkje / ikkje relevant».

77 % av fagskulekandidatane var einige i påstanden. Andelen blant mastergradskandidatane var 63 %. Den same skilnaden er spegla i andelen som var ueinige (6 % fagskulekandidatar og 13 % høgare utdanning). Sjå tabell 2.3.

Tabell 2.3 Talet på respondentar, gjennomsnittsskår, andel ueinige og einige på spørsmålet om læringsutbyteskildringar speglar kompetansen arbeidslivet etterspør, fordelt på nivå og utdanningskategori

Fagområde høgare yrkesfagleg utdanning	N	Snitt	Talet på ueinige	Talet på einige
FKF 2 ØkAdm	32	3,9	9 %	66 %
FKF 3 Teknisk	63	3,8	10 %	70 %
FKF 4 Helse og velferd	92	4,3	3 %	87 %
Totalt	219	4,1	6 %	77 %
Fagområde høgare utdanning				
71 - Humanistiske og estetiske fag	42	3,5	17 %	48 %
72 - Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk	56	3,6	20 %	61 %
73 - Samfunnsfag og juridiske fag	68	3,7	7 %	60 %
74 - Økonomiske og administrative fag	42	3,9	5 %	71 %
75 - Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag	106	3,8	10 %	70 %
76 - Helse-, sosial- og idrettsfag	43	3,6	23 %	58 %
78 - Samferdsle- og sikkerheitsfag og andre servicefag	6	3,7	17 %	67 %
Totalt	371	3,7	13 %	63 %

Påstand: Læringsutbyteskildringane for utdanninga mi speglar den kompetansen arbeidslivet etterspør

Viss vi ser på dei ulike utdanningskategoriane, finn vi nokre interessante skilnader mellom høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning. Dei helse- og sosialfaglege kategoriane, Helse og velferd i høgare yrkesfagleg utdanning og Helse-, sosial- og idrettsfag i høgare utdanning, skil seg ut. Blant fagskulekandidatane innan Helse og velferd var 3 % ueinige i at læringsutbyteskildringane speglar kompetansen arbeidslivet etterspør. Anelen som var einig var 87 %. Blant tilsvarande mastergradskandidatar var andelane høvesvis 23 % og 58 %.

2.4 Blir læringsutbyteskildringane brukt i jobbsøking?

Spørsmålet «Eg bruker læringsutbyteskildringar frå utdanninga mi når eg leiter etter, eller søker jobb» blei berre stilt til dei som kjende eigne læringsutbyteskildringar, og som var jobbsøkande. Talet på respondentar er lågt (18 fagskulekandidatar og 29 mastergradskandidatar).

Om lag halvparten av kandidatane sa seg einige i at dei brukte læringsutbyteskildringar i jobbsøking. Andelen er høgare blant fagskulekandidatane enn mastergradskandidatane (56 % mot 41 %). Det er likevel ein stor skilnad i delen som sa seg direkte ueinige i spørsmålet. Rundt ein av ti fagskulekandidatar (11 %) svarte at dei ikkje nytta læringsutbyteskildringar i jobbsøking. Tilsvarande andel blant masterkandidatane var fire av ti (41 %). Sjå tabell 2.4.

Tabell 2.4 Talet på respondentar (ekskl. respondentar som ikkje kjenner eigne læringsutbyteskildringar), gjennomsnittsskår, andel ueinige og einige på spørsmålet om respondenten bruker læringsutbyteskildringar i jobbsøking, fordelt på nivå

	N	Snitt	Ueinige	Einige
Fagskulekandidatar	18	3,8	11 %	56 %
Mastergradskandidatar	29	3,0	41 %	41 %

Påstand: Eg bruker læringsutbyteskildringar frå utdanninga mi når eg leiter etter, eller søker jobb

Spørsmålet om respondentane var jobbsøkende eller ikkje, var eit av innleiingsspora (sjå over, tabell 1.1). Dei som er jobbsøkende, men som ikkje kjenner eigne læringsutbyteskildringar, bruker neppe læringsutbyteskildringane i jobbsøkinga. Ni fagskulekandidatar og 17 mastergradskandidatar høyrer til denne gruppa. Viss vi inkluderer desse, får vi eit litt anna bilete. Tabell 2.5 viser fordelinga.

Tabell 2.5 Talet på respondentar (inkl. respondentar som ikkje kjenner eigne læringsutbyteskildringar) som ikkje bruker læringsutbyteskildringar ved jobbsøking, fordelt på nivå

	N	Bruker ikkje*	Bruker**
Fagskulekandidatar	27	41 %	37 %
Mastergradskandidatar	46	63 %	26 %

* Kjenner anten ikkje til eigne læringsutbyteskildringar, eller har skåra 1 eller 2 på spørsmålet «Eg bruker læringsutbyteskildringar frå utdanninga mi når eg leiter etter, eller søker jobb».

Har skåra 4 eller 5 på spørsmålet «Eg bruker læringsutbyteskildringar frå utdanninga mi når eg leiter etter, eller søker jobb».

Tala indikerer at under ein av tre bruker læringsutbyteskildringar ved jobbsøking og at det er ein større tendens til at fagskulekandidatane nyttar læringsutbyteskildringar under jobbsøking enn mastergradskandidatane.

2.5 Opplever studentane at arbeidslivet veit kva læringsutbyteskildringar er?

Respondentane fekk spørsmålet «Eg opplever at arbeidsgjevarar veit kva læringsutbyteskildringar er». På same måte som spørsmålet om kompetansen arbeidslivet etterspør, dreier dette spørsmålet seg om opplevinga kandidatane har av kva nokre andre (arbeidslivet) måtte vite. Ein kandidat kan resonnerer seg fram til om det som blir etterspurd

i til dømes jobbutlysingar passar med læringsutbyteskildringane frå utdanningane sine. Det er ikkje like enkelt å resonnerer seg fram til kva representantar i arbeidslivet måtte vite eller ikkje vite. Dette blir sannsynlegvis spegla i svara. Nesten 1 av 5 respondentar (18 %, 102) kryssa av på «Veit ikkje / ikkje relevant». Spørsmålet har høgast del «Veit ikkje / ikkje relevant».

477 kandidatane svarte på spørsmålet i form av å gi det ein skår frå 1-5.

I dette spørsmålet er det klare skilnader mellom sektorane. Blant fagskulekandidatane var 34 % ueinige i at arbeidslivet veit kva læringsutbyteskildringar er, medan andelen som var einige er 42 %. Tilsvarende andelar blant mastergradskandidatane er høvesvis 44 % og 26 %. Sjå tabell 2.6.

Tabell 2.6 Talet på respondentar (ekskl. respondentar som ikkje kjenner eigne læringsutbyteskildringar), gjennomsnittsskår, andel ueinige og einige på spørsmålet om arbeidslivet veit kva læringsutbyteskildringar er, fordelt på nivå

	N	Snitt	Ueinige	Einige
Fagskulekandidatar	187	3,2	34 %	42 %
Mastergradskandidatar	290	2,7	44 %	26 %

Påstand: Eg opplever at arbeidsgjevarar veit kva læringsutbyteskildringar er

I tillegg til at det var ein høg andel respondentar som ikkje gav skår på spørsmålet, var det også ein høg andel som gav middelskåren «3». 28 % av dei som gav skår sa seg korkje einig eller ueinig. Ein stor andel av kandidatane var uviss på dette spørsmålet.

Også i dette spørsmålet er det ganske store skilnader mellom utdanningskategoriane i høgare yrkesfagleg utdanning. Blant fagskulekandidatane er det ein tendens til at kandidatane frå tekniske fag i større grad er ueinig enn kandidatane frå helse- og velferdsfag. Andel ueinige/einige er høvesvis 46 % / 30 % og 33 % / 46 %.

For dei andre utdanningskategoriane i både utdanningstypene, er skilnadene anten marginale og/eller så er talgrunnlaget for svakt til å kunne peike på tendensar.

3 Oppsummering

Det er mange usikkerheitsmoment når vi tolkar resultatane frå kandidatundersøkinga og ein bør ikkje leggje for stor vekt på mindre skilnader mellom sektorar, mellom utdanningsnivåa eller mellom utdanningskategoriar. Til det er talgrunnlaget for spinkelt. Nokre observasjonar er likevel verd å merkje seg.

Læringsutbyteskildringar, i den forstanden vi snakkar om her, er ein integrert del av NKR, og blei innført før kandidatane som svarte på undersøkinga starta utdanninga si. Vitnemåla til kandidatane, der læringsutbyteskildringane står oppført, var alle under eitt år gamle. Likevel svarer ca 30 % av kandidatane at dei ikkje kjenner til læringsutbyteskildringane for utdanninga dei har fullført. Kjennskapen blant kandidatane i denne undersøkinga er klart lågare enn kjennskapen vi ser hos studentane (om lag 90 % i både sektorar)

Dei kandidatane som kjenner til eigne læringsutbyteskildringar vurderer at dei i relativ stor grad speglar sluttkompetansen deira, og speglar den kompetansen som arbeidsgjevarar etterspør. Når det gjeld spørsmåla om konkret bruk av læringsutbyteskildringar ved

jobbsøking og kor mykje dei trur arbeidsgjevarane veit om læringsutbyteskildringane, så svarer kandidaten at dei i langt mindre grad bruker dei og at arbeidslivet kjenner til dei.

Dette kan indikere at læringsutbyteskildringane er gode verktøy når dei er nært knytt til sjølve utdanningane, men at dei i langt mindre grad er relevante/aktuelle når det gjeld praktisk bruk av dei i overgangen til eit arbeidsliv.

Det er ein klar tendens til at fagskulekandidatar, i større grad enn mastergradskandidatar, både kjenner og nyttar LUB. Det er ei gruppe som skil seg særleg ut. Det er kandidatar frå fagområdet «Helse og sosial» i høgare yrkesfagleg utdanning. Desse skårar jamt over høgare enn kandidatar frå dei andre fagområda på baa nivåa. Skilnaden mellom kandidatane i dei to sektorane, kan langt på veg forklarast med denne skilnaden. Det er altså ikkje nivåa som sådan som skil seg frå kvarandre.

4 Vedlegg

4.1 Utfyllande tabellar

Tabell V-2.7 Talet på respondentar og gjennomsnittsskår på spørsmålet om læringsutbyteskildringar speglar kompetansen arbeidslivet etterspør, fordelt på sektor og om kandidaten er jobbsøkande eller ikkje

Fagskule	N	Snitt
Jobbsøkande	18	3,9
Ikkje jobbsøkande	15	4,5
Master	N	Snitt
Jobbsøkande	29	4,1
Ikkje jobbsøkande	17	4,2
Totalt	79	4,2

4.2 Kjelder

NOKUT 1/2023, NOKUT-rapport 1/2023 Evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), delrapport 2 – Korleis opplever studentane læringsutbyteskildringar for utdanning,

https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/ua/2023/evaluering-av-nkr-delrapport-2-korleis-opplever-studentane-laringsutbyteskildringar-for-utdanning_1-2023.pdf



DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578,1327 LYSAKER | T: 21 02 18 00 | [NOKUT.NO](https://www.nokut.no)